



Helge Sandvik

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3096 - 17/32722

Saksbehandlar:

Ole Jakob Aarland

ole.jakob.aarland@lindas.kommune.no

Dato:

17.11.2017

Breibandsutbygging Hjelmås

Vi viser til din førespurnad om breibandsutbygging i epost i går.

Sandvikavegen 354 ligg som kjent utanfor dei områda som var prioriterte i pågåande utbygging. Vi er kjende med at det er etterspurnad etter tilstrekkeleg dekning i om lag 30 % av kommunens bustader, herunder dei nord for Sandvikavatnet.

Kommunen er i ferd med å lage eit nytt anbudsgrunnlag for å nå flest mogleg husttander for dei om lag fire millionane vi har att på budsjettet etter noverande utbygging. Rettesnora er som nemnt å gje eit tilbod til flest mogleg nye husstander. Dermed vil gjennomsnittleg anleggsbidrag per abonnent vere eit sentralt kriterium. Tal husstander i eit avgrensa område og leverandørane sine ulike tilbod vil derfor bli avgjerande. Kva for område som vil bli prioritert, og om Sandvikavegen 354 inngår i dette er det for tidleg å si noko om.

Vi håper dette gjev svar på din førespurnad.

Med helsing

Ole Jakob Aarland
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Helge Sandvik

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

